

Grunnleggande kurs i tørking av trelast, Løten 10. november 2023

Norsk Bygdesagforening arrangerer kurs i «Tørking av Trelast».

Stad: Myklegard Veikro (teoridel)/Løten Bygdesag, Løten (praksisdel).
Dato: 10. november 2023
Frammøte: kl. 10.00 på Myklegard Veikro (møterom)
Kursmateriell: Vert utdelt på kurset
Kursleiar: Ivar Grøndahl
Kursavgift: Medlemmar i Norsk Bygdesagforening: 2.000 kr.
Ikkje medlemmar i Norsk Bygdesagforening 3.000 kr.
I tillegg må kvar enkelt betale for evt. overnatting og servering på Myklegard.

Program:

Kl. 10.00 Frammøte og registrering

Teori fram til lunsj- med treets oppbygging og endring under tørking, ulike tørkeprinsipp og berekningar.

Kl. 13.00 Lunsj på Myklegard

Kl. 14.00 Tørking i praksis. Vi reiser (1 km) til Løten Bygdesag og får eksemplar og diskusjon om stabling, naturtørking, kondensasjonstyrke og vakuomtørke.

Kl. 17.00 Avslutning

Evt. omvisning og demonstrasjon på Løten Bygdesag AS om nokon av kursdeltakarane er interessert i det.

Laurdag 11. november

Det blir arrangert ein spennande fagdag i samarbeid med Tretorget laurdag 11. november så vi håpar at kursdeltakarane vil delta også her.

Vi organiserer felles middag og sosialt samvær for dei som vil «slå to fluer i en smekk» og få med seg begge arrangementa.

Eige program for fagdagen kjem.

Om nokon av deltakarane kjem med fly til Gardermoen er det god tog-kommunikasjon (kvar time) til Hamar. Vi kan hente deltakarar på togstasjonen der.

Ta med gode kle og sko til den praktiske delen og gjerne eit metermål.

Har du spørsmål i forhold til kurset, så ta gjerne kontakt med dagleg leiar Inger-Marie Svingeset mob. 918 86 113 eller kursleiar Ivar Grøndahl 99 54 65 67

Påmeldingsfrist 20. oktober

Prisar på overnatting og servering - Myklegard:

Overnatting i enkeltrom inkl. frukost: 905,-

Overnatting i dobbelrom inkl. frukost: 1165,-

Middag frå kr 192,-

Lunsj kr 199,-

Kvar enkelt deltaker betalar direkte for overnatting og måltid på Myklegard Veikro og Norsk Bygdesagforening fakturerer deg for kursavgift.

Har du spørsmål ta gjerne kontakt.

Vel møtt til kurs og fagdag!

Norsk Bygdesagforening

Inger-Marie Svingeset

e-post: admin@sag.no

Mob.: 918 86 113